

GENZalt

Tidsskrift fra Bioteknologinemnda

Nr. 1/2010 19. årgang

Helgenomanalyser

Helseregistre

Norske og islandske gener

Kjendisgenomer

GMO-vurderinger

PGD-prosessen

Y-kromosomet

Innhold

Leder.....	3
Nytt fra Bioteknologinemnda	
GM-plantar frå 1993 til i dag – kva meiner Bioteknologinemnda?.....	4
Hjerte- og karregistret og andre registre burde vært vurdert samlet	8
Mogleg å betre prosessen for par som vil genteste befrukta egg.....	10
Gentesting av befrukta egg dersom foreldra ikkje vil vite	12
Ny medarbeider	12
20 år med preimplantasjonsdiagnostikk.....	13
Informasjonsmateriell om preimplantasjonsdiagnostikk	13
Norske gener?	14
En ny æra for DNA-sekvensering	
– nye muligheter og nye utfordringer i humanmedisin.....	16
Det skjer mykje i Y-kromosomet.....	19
DeCODE Genetics gjenoppstår	20
«Gamle» genomer sekvensert.....	22
Åpne møter, Twitter og biotekquiz.....	24
Ekstra artikkel på nett, www.bion.no :	
Kreftstamcellene – den virkelig store utfordringen i kreftbehandling	



Forsidefoto: DNA-sekvenser kan inneholde informasjon om sykdomsrisiko. Foto: iStockphoto.

GENi^{alt} Nr. 1/2010 – 19. årgang

Redaksjonen avsluttet: 25. mars 2010

Ansvarlig redaktør: Sissel Rogne

Redaktør: Norunn K. Torheim

Redaksjonsmedarbeidere: Audrun Utskarpen og Grethe S. Foss

Utgiver: Bioteknologinemnda

Opplag: 8400

GENi^{alt} utkommer fire ganger i året og sendes gratis til alle interesserte.

Postadresse: Postboks 522 Sentrum, 0105 OSLO

Besøksadresse: Rosenkrantz' gate II, Oslo

Internett: www.bion.no

E-post: bion@bion.no

Produksjon: Spekter Reklamebyrå AS
www.spekter.com

Bioteknologinemnda er et frittstående, regjeringsoppnevnt organ og ble første gang oppnevnt i 1991. Nemnda er hjemlet i lov om humanmedisinsk bruk av bioteknologi m.m. og lov om fremstilling og bruk av genmodifiserte organismer. Foruten å være rådgivende i saker som angår bruk av bio- og genteknologi i relasjon til mennesker, dyr, planter og mikroorganismer, skal nemnda bidra til opplysning og debatt.

I sine vurderinger skal nemnda spesielt vektlegge de etiske og samfunnsmessige konsekvenser ved bruk av moderne bioteknologi.

Bioteknologinemnda har 21 medlemmer og observatører fra sju departementer. Bioteknologinemndas sekretariat er lokalisert i Oslo sentrum.

Bioteknologinemnda har et budsjett på 8,1 millioner kroner for 2010.

Sikkert som banken?

Lars Ødegård

Som mange andre mener Bioteknologinemnda at helseregistre som kan bidra til bedre helse i befolkningen, er en god ting, men verden er mer komplisert enn som så. Det oppdaget vi da vi jobbet med utredningen «Gode helseregistre – bedre helse», som vi nå har gitt vår høringsuttalelse til.

Den økende bruken av helgenomanalyser innenfor forskning på sykdomsårsaker, genererer store mengder informasjon om deltakernes sykdomsdisposisjon. Informasjon fra blodprøver kobles mot helseregistre, og «anonym» gen- og helseinformasjon utveksles i utstrakt grad mellom forskningsmiljøer i ulike land. Sentrale helseaktører mener at Norge har dårlig tid på seg for å bygge opp store biobanker og helseregistre til forskning. Hensikten er blant annet å hente inn internasjonale midler slik at «vi» kan bidra til næringsutvikling basert på nordmenns gendata og sykdomshistorie.

«Prøvekluten» for alle de store nye sykdomsregistrene, det nye hjerte- og karregistret som Stortinget nå har vedtatt å etablere, har sider ved seg som ikke er forenelig med å verne om sensitiv informasjon om enkeltmennesker. Regjeringen ønsket at registret skal være personidentifiserbart med navn og personnummer. De som skal forvalte og bruke registret, ønsker navn på de registrerte for å kunne kontrollere opplysningene mot pasientjournaler, koble informasjonen mot gendata fra befolkningsbiobanker og invitere registrerte personer til forskningsprosjekter.

Da må vi spørre oss: Er vi som givere av blodprøver egentlig anonyme lenger? Er vi innforstått med at våre gen- og helsedata deles med forskere over hele verden? Hvilke konsekvenser kan dette få for oss? Hvordan skal vi være sikre på at slik informasjon ikke kommer på avveie og identifiserer oss, slik at andre får informasjon om våre mulige sykdomsdisposisjoner, som vi kanskje ikke kjenner til selv engang? Hva om vi selv blir oppsøkt av forskere eller helsevesenet som har funnet «noe» i genene våre? Og hva med undersøkelse av barns arveanlegg? Vil de senere synes det er greit at foreldrene har tatt slike valg for dem? Skal vi ha rett til å trekke oss ut av biobanker og helseregistre?

Vi tok opp noen av disse spørsmålene i brev til Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget. Hvorfor skal vi la opplysninger som identifiserer oss som enkeltindivider være så lett tilgjengelige – spesielt når kostnaden både i tid og kroner ved å la en ekstern aktør pseudonymisere og erstatte navn og personnummer med en personentydig kode er så små? For oss er dette uforståelig. Også i ledende internasjonale forskermiljøer pågår det nå etiske diskusjoner om hvordan informasjon skal håndteres for å ivareta personvernet til deltakerne og beholde befolkningens tillit.

Vi hadde håpet at Stortinget ville ventet med å vedta hjerte- og karregistret til de også hadde sett høringssvarene til «Gode helseregistre – bedre helse», slik at de kunne behandle disse sakene samlet og helhet-



lig. Det er Stortinget som skal veie inngrep i enkeltpersoners privatliv mot nytten for samfunnet når et helseregister er foreslått å være personidentifiserbart, og dette skal gjøres i henhold til menneskerettighetene.

Bioteknologinemnda mener det er viktig at vi tar oss tid til å etablere gode systemer rundt helseregistrene, og at de best mulig ivaretar både forskernes, samfunnets og enkeltpersoners interesser. Skal biobanker og helseregistre ha verdi for forskning og samfunnet, er vi avhengige av at folk har tillit til og innsyn i hva som skjer med opplysningene som er lagret om dem selv. Først da får vi gode helseregistre som kan brukes til forskning, administrasjon og kvalitetssikring av helsetjenester.

GM-plantar frå 1993 til i dag – kva meiner Bioteknologinemnda?

Da dei første genmodifiserte (GM) plantane kom på marknaden tidleg på 1990-talet, var forventningane store, og mange meinte den nye teknologien kunne redde matforsyninga i verda. Men det er enno langt igjen. Noreg får søknader om lov til å dyrke GM-plantar eller bruke dei i mat og fôr, gjennom EU. Her får du ei oppsummering av eigenskapane til desse GM-vekstane, og du får vite korleis Bioteknologinemnda har uttalt seg sidan genteknologiloven kom i 1993.

Audrun Utscarpen

Da GM-plantar var noko nytt, såg ein for seg at bøndene skulle sleppe insektplager og slite mindre med ugras i åkeren. Deretter var meininga å lage plantar som kunne motstå tørke og frost, eller som inneheldt sunt feitt og vitamin. Men framleis rår GM-plantar som toler sprøytemiddel og/eller skadeinsekt, grunnen nærast åleine, og svært lite GM-plantar med andre eigenskapar blir dyrka i verda i dag. Nær 90 prosent av søknadene som Noreg har fått via EU, gjeld plantar som toler sprøyting, visse skadeinsekt eller begge delar. Nokre få plantar har fått endra næringsinnhaldet for å kunne brukast til fôr eller i industrien (sjå figur 1 og figur 2).

Sidan 1993 har Bioteknologinemnda uttalt seg om 72 ulike GM-plantar, 53 av dei etter at EU-moratoriet vart avslutta i 2003 (sjå tekstsaks s. 5). Vel 80 prosent av plantane er soya, mais, raps eller bomull (sjå figur 1). Det er dei same fire plantesortane som fyller størsteparten av dyrkingsarealet for GM-plantar i verda i dag. For kvar av vekstane nellik, potet, ris, sikori, sukkerbete, tobakk og tomat, har nemnda behandla éin til tre søknader sidan 1993. Tretti av GM-plantane nemnda har hatt til høyring, er no godkjende i EU, tre av dei til dyrking. Søknader for 17 GM-plantar har vore til sluttbehandling i Noreg sidan 2003 (sjå figur 3 og tekstsaks s. 5). Berre éin er ferdigbehandla. Denne søknaden gjaldt snittblomster av ein GM-nellik som no er godkjent for import til Noreg. Dette er òg den einaste søknaden nemnda ikkje rådde til å avslå.

Storindustri

Store, multinasjonale selskap dominerer

GMO-marknaden og sel både frø og sprøytemiddel. Størst er det amerikanske firmaet Monsanto, som står for ca. halvparten av søknadene til EU, medan tyske Bayer, det sveitsiske selskapet Syngenta og amerikanske Pioneer Hi-Bred/DuPont har hatt dei fleste andre. Berre 23 prosent av søknadene etter 2003 gjaldt dyrking i EU/EØS. Firma søker som oftast om løyve til å bruke GM-plantar som er dyrka andre stader, til mat eller fôr her.

Bioteknologinemnda si oppgåve

Bioteknologinemnda har til oppgåve å drøfte om GMO-ane i tillegg til å ikkje vere ein risiko for helse og miljø, er samfunnsnyttige, etisk forsvarlege og fremmar ei berekraftig utvikling. Fordi søknadene som regel ikkje legg vekt på dei tre siste krava, ber nemnda alltid om at firma gjer nærare greie for spørsmål som er viktige for å vurdere desse kriteria. Kvar enkelt søknad skal drøftast for seg, men mange av innvendingane og kommentarane som nemnda har, går igjen frå sak til sak.

Miljø og helse

Nemnda har gitt mange innspel til kva verknader GM-mat eller dyrking av GM-plantar kan ha for helse og miljø både i EU og i andre land. Dette er viktig både for å sjå på følgjene for helse og miljø i seg sjølv og for å kunne seie noko om berekraft, samfunnsnytte og etiske forhold. Kravet om samfunnsnytte gjeld berre for Noreg, medan spørsmål som gjeld etikk og berekraft, like gjerne dreier seg om helse- og miljøforhold i landa der GM-plantane blir dyrka. For søknader som gjeld import eller foredling til mat og fôr, spør nemnda derfor etter dokumentasjon om følgjer for

miljøet i dyrkingslanda, til dømes om det biologiske mangfaldet blir skadelidande.

Om naturmiljøet i Europa blir påverka, kjem an på kva slag plante det gjeld og om planten skal dyrkast eller berre importrast. Mais har til dømes ingen ville slektingar i Europa som han kan krysse seg med, og maisfrøa overlever ikkje den kalde vinteren. Ville slektingar av raps og betevaks derimot òg i Noreg, og det er derfor større fare for spreiding av genmateriale for desse plantane.

Vidare er nemnda oppteken av om avlingar med GMO og GMO-frie avlingar kan eksistere side om side (sameksistens), og korleis det i så fall kan gjerast. Dersom dette er vanskeleg, kan det bli dyrt for samfunnet og dermed reknast som ei ulempe.

Nemnda har ofte kommentert næringsinnhaldet i GM-planten, sett på føringsstudiane og vurdert forsøksoppsett, typen forsøksdyr (broiler, rotte) og lengda på studiane. Dette kan seie noko om helsefaren ved å ete GM-produkt både for menneske og dyr.

Nemnda er kritisk til at selskapa som søker om godkjenning av ein GMO, sjølve ofte utfører forsøka som viser om det er nokon risiko for helse og miljø.

Toler sprøytemiddel

Roundup Ready-soya frå Monsanto er den GM-planten som det blir dyrka mest av i verda i dag. Denne soyaplanten har fått sett inn genet *CP4 epsps*, som gjer at han toler sprøytemiddel som inneheld glyfosat, slik som Monsanto sin eigen Roundup.


FAKTABOKS

Behandling av GMO-søknader i Noreg og EU


Genteknologiloven frå 1993 regulerer framstilling og bruk av genmodifiserte plantar, dyr og mikroorganismar her i landet, medan GM-produkt (genmodifiserte produkt) som er foredda til mat og fôr (ikkje levande), er regulert av matloven. Gjennom EØS-avtalen har Noreg knytt seg til godkjenningssystemet i EU, som krev at GMO-ar ikkje skal vere skadelege for helse og miljø. I tillegg stiller Noreg krav om at GMO-ar òg skal vere samfunnsnyttige, etisk forsvarlege og bidra til ei berekraftig utvikling. Frå 1998 til 2003 hadde EU i praksis eit moratorium (forbod) mot GMO, og ingen søknader vart behandla i dette tidsrommet, fordi ein venta på dei nye reguleringane som tok til å gjelde hausten 2002.

No søker dei fleste firma om løyve til både dyrking og import, foredling, mat og fôr under EU-forordning 1829/2003, men dei kan òg søkje om dyrking under utsetningsdirektivet 2001/18. Direktiv 2001/18 gir retningslinjer for å vurdere miljørisikoen i alle tilfelle. Alle EU/EØS-landa får søknadene på høyring. I første omgang samlar ein inn spørsmål og innvendingar til søkjarane, som deretter får høve til å svare. Dersom EU meiner alle vilkår er oppfylte, kan EU godkjenne søknaden. Deretter blir han sendt på ny høyring i Noreg (sluttbehandling).


I Noreg er det Miljøverndepartementet som godkjenner eller avslår søknadene, medan Direktoratet for naturforvaltning (DN) organiserer offentlege høyringar og sender ei innstilling til departementet. Vitskapskomiteen for mattryggleik (VKM) vurderer om GMO-ane kan vere farlege for helse og miljø, og Mattilsynet og DN ser på korleis ein eventuell risiko bør handterast. Bioteknologinemnda tek omsyn til desse vurderingane når dei drøftar etikk, berekraft og samfunnsnytte.



Figur 1. GM-plantar som Bioteknologinemnda har uttalt seg om, fordelt på art og eigenskap, 1993–2010. Det er 72 ulike plantar.



Figur 2. GM-plantar som Bioteknologinemnda har uttalt seg om, fordelt på eigenskap, 1993–2010. Det er 72 ulike plantar.



Figur 3. Talet på GM-plantar til høyring i Noreg 1993–2010.

FAKTABOKS

Gen som gir resistens mot antibiotika

Som regel rår Bioteknologinemnda styresmaktene til å avslå søknader for GM-plantar med gen som gjer plantane motstandsdyktige (resistente) mot antibiotika. Å selje mat og fôrvarer med innsette og intakte gen for antibiotikaresistens er ikkje lov i Noreg, og Stortinget har dessutan oppmoda til internasjonale forbod mot slike GMO-ar. Det ein er redd for, er at gena skal bli spreidde i naturen og bli overførte til bakteriar i tarmen til menneske og dyr, slik at desse bakteriane òg blir resistente. Da kan det bli vanskelegare å behandle sjukdommar med antibiotika.

Genet for antibiotikaresistens blir sett

inn i planten saman med genet for den nye eigenskapen ein ønskjer. Dermed kan ein bruke antibiotika til å velje ut planteceller som er blitt genmodifiserte. Antibiotikaresistensgenet blir verande i planten sjølv om det ikkje lenger trengst. Ein kan òg setje inn genelement som gjer det mogleg å fjerne genet undervegs når ein utviklar planten på laboratoriet.

Det mest brukte genet for antibiotikaresistens er *nptII*, som kodar for eit protein som bryt ned antibiotika som neomycin og kanamycin. Begge desse antibiotika er i bruk i veterinærmedisin, og Bioteknologinemnda viser gjerne til at både WHO (Verdshelseorganisasjonen) og EMA (Det europeiske legemiddelkontoret) meiner dei er særskilte viktige. Trass i dette har EU opna for å bruke *nptII* i GMO-ar.

Eit anna mykje brukt gen er *aadA*, som gir resistens mot streptomycin og spectinomycin, som òg blir brukte på menneske. EU har rådd til at GMO-ar med dette genet berre skal brukast i forskning og feltforsøk.

Medan halvparten av søknadene frå 1990-talet dreier seg om plantar med gen for antibiotikaresistens, gjeld dette under ein fjerdedel av dei nye søknadene etter 2003. Både forbrukarar og styresmakter i EU har lagt press på industrien for å få dei til å finne andre utveljingsmetodar, og alternativa er mange. Ofte set ein inn gen som gjer at cellene toler stoff som elles ville vore giftige. Til dømes kan ein få uttrykt enzymet PMI (fosfomannoseisomerase), som gjer at berre genmodifiserte celler overlever når dei blir dyrka på sukkeret mannose.

Dermed kan bøndene få bukt med ugraset, medan soyaplantane blir ståande att i åkeren. Om glyfosat er farleg for helsa, er framleis omstridt. Eit anna vanleg verkestoff i sprøytemiddel er glufosinat-ammonium, som blant anna finst i sprøytemidla Basta, Finale og Liberty. Genet *pat/bar* kodar for eit protein som hemmar glufosinat, og er mykje brukt i GM-plantar frå Bayer, Syngenta og Pioneer Hi-Bred. Glufosinat er helsefarleg både for dyr og menneske, det er forbode i Noreg og blir fasa ut i EU. Derfor ser nemnda det som uetisk å importere GM-plantar som er dyrka på stader der dette sprøytemidlet er brukt. Sett i ein større målestokk meiner nemnda det heller ikkje er berekraftig å sprøyte med glufosinat. Dei siste åra er det laga nye GM-plantar som toler både glyfosat og glufosinat, slik at ein kan veksle mellom dei to sprøytemidla og unngå at ugraset blir motstandsdyktig (resistent) like fort som det elles ville ha blitt.

I 2008 og 2009 har EU òg fått søknader for plantar som toler sprøytemiddel som inneheld imidazolinon eller som inaktiverer enzymet ALS (acetolaktatsyntase), som inngår i syntesen av aminosyrer hos plantar. Nemnda spør som regel etter kva for endringar i bruken av sprøytemiddel firma ventar og om korleis dei skal hindre at ugraset blir motstandsdyktig.

Tek livet av skadeinsekt

Sommarfugllarvar og ulike billeartar gjer stor skade på avlingane over heile verda, og mengder med sprøytemiddel går med til å halde dei unna. For å lage GM-plantar som er motstandsdyktige mot skadeinsekt, set ein inn gen som kodar for cry-protein frå jordbakterien *Bacillus thuringiensis* (Bt). Dette er giftige protein som bind seg til slimhinna i tarmen til insektlarvane eller billene, slik at dei døyr. Syngenta har laga ei maislinje som uttrykkjer eit liknande protein, Vip. Fleire typar protein gjer at ein kan drepe fleire sortar skadeinsekt, og i teorien kan ein hindre at skadeinsekta blir så fort resistente. Bøndene kan bruke mindre sprøytemiddel, men må likevel sprøyte mot skadeinsekt som desse proteina ikkje verkar mot. Samstundes kan giftstoffa utilsikta ta livet av andre organismar. Her har nemnda særleg vore oppteken av sommarfugllar som er truga av utrydding.

Forskarar har vist at cry1Ac-proteinet kan fungere som eit hjelpestoff (adjuvant) som forsterkar ein allergisk reaksjon eller immunreaksjon. Selskapa bør etter nemnda si meining diskutere om dei andre cry-proteina som er i bruk, òg kan verke på same måten. Dessutan er det strid om korleis cry-proteina blir tekne opp i tarmen hos menneske og dyr og om dei kan gi kronisk irritasjon i tarmen. Derfor etterlyser nemnda opplysningar om kva som skjer med cry-

proteina etter at maten er fordøydd.

Mais som er skadd av insekt, blir lettare angripen av sopp, og eit mindretal i nemnda har peika på at insektresistente maislinjer ikkje inneheld like mykje soppgifter som annan mais. Såleis kan mat og fôr frå denne GM-maisen vere betre for helsa, noko som kan seiast å vere nyttig for samfunnet.

Ja til lilla nellik

Det australske selskapet Florigene søkte i 2005 om å få importere snittblomster frå den genmodifiserte nelliken Moonlite, som hadde fått eit ekstra gen som gjorde blomstrane blålilla. Dette er einaste gongen nemnda har fått svar frå ein produsent på spørsmåla om etikk, berekraft og samfunnsnytte. Selskapet meddelte at dei lokale dyrkarane i Colombia og Ecuador sjølv hadde sett seg inn i genteknologien og investert i ny infrastruktur. Dessutan hadde eksporten skaffa nye arbeidsplassar og inntekter i landa der nelliken vart dyrka.

Eit fleirtal i nemnda sa ja til den lilla nelliken under sluttbehandlinga i Noreg. Sjølv om dei ikkje kunne seie at nelliken var spesielt samfunnsnyttig, kunne fleirtalet heller ikkje sjå noka særleg ulempe ved han. Mindretalet gjekk imot godkjenning fordi dei meinte at kravet til samfunnsnytte måtte tolkast som eit absolutt krav.

Tomat som ikkje rotnar

Den amerikanske Flavr Savr-tomaten har fått eit ekstra gen som utset modninga. Det nye genet gjer at det blir laga mindre av modningsenzymet polygalakturonase, slik at tomaten ikkje blir så fort mjuk. Da eit spansk firma søkte om å få importere tomaten til EU i 1998, var nemnda negativ fordi han hadde eit gen for antibiotikaresistens (sjå tekstboks s. 6). Produksjonen i USA vart lagt ned etter få år av di avlingane var for små.

«Lysinmais» til dyrefôr

Lysin er ei av dei tjue viktige aminosyrene som alle protein er sett saman av. Korn inneheld lite lysin, og derfor set ein ofte til industrielt framstilt lysin i fôret til høns og gris for å gi dei meir næring. «Lysinmais» LY038 frå Renessen/Monsanto har fått eit ekstra gen som gjer at syntesen av lysin ikkje blir skrudd av, og han inneheld derfor meir lysin enn vanleg mais. For å vurdere nytten av å ta i bruk denne maisen, ønskte nemnda å vite meir om kva samfunnet totalt kunne spare av pengar og ressursar. Produsenten trekte søknaden i november 2009 etter at EU hadde stilt spørsmål ved om det var trygt å bruke «lysinmais» som menneskeføde.

«Etanolmais» til biodrivstoff

For å lage etanol til biodrivstoff frå mais, set ein til enzymet alfa-amylase ved høg temperatur, slik at stivelsen i planten blir omdanna til glukose. Glukosen kan så fermenterast til etanol. «Etanolmais» 3272 frå Syngenta har fått eit nytt gen som gjer at han produserer alfa-amylasen sjølv, og ein slepp såleis å framstille alfa-amylase industrielt i bakteriar. Etter Nemnda si meining er det feil å bruke ein matplante som mais til biodrivstoff, av di det kan skape matmangel og gjere at matprisane stig.

Meir oljesyre i soya

Pinoer Hi-Bred søkte i 2008 om å få godkjent ein genmodifisert soyaplante som inneheldt meir einumetta oljesyre enn vanleg soya. Dette skulle gjere soyaoljen meir haldbar og derfor gjere han betre eigna til bruk i visse industriprodukt og til fritering av mat. Frå oljesyra i soya blir det danna linolsyre og frå linolsyre linolensyre, begge fleiurumetta fettsyrer. Det innsette genet kodar for eit genprodukt som skrur av syntesen av linolsyre og gjer at meir oljesyre hopar seg opp i planten. Nemnda meinte at Pioneer Hi-Bred ikkje hadde vist at soyaen ga nokon



Fører bruk av GM-planter eigentleg til mindre bruk av sprøytemiddel? Foto: iStockphoto.

fordel for helse eller var til nytte for samfunnet, og at andre oljar frå solsikke og raps kan vere like gode alternativ.

Industripotet godkjent i EU

I mars 2010 godkjente EU GM-poteten Amflora, og sa dermed ja til dyrking av ein GMO for første gong på tolv år. Poteten skal brukast til å lage stivelse for industrien, medan restane kan gå til dyrefôr. Vanleg potetstivelse er sett saman av 80 prosent amylopektin og 20 prosent amylose. I Amflorapoteten er genet som sørgjer for produksjon av amylose, skrudd av. Dermed inneheld stivelsen berre amylopektin, som er seigare enn amylose og i følgje produsenten eignar seg betre til papir, lim og tekstilindustrien. Poteten vart utvikla av firmaet Amylogene i Sverige, men tyske BASF har no teke over teknologien. Nemnda uttalte seg negativt om Amflora i første høyringsrunde i 2005 av di poteten inneheld eit gen for antibiotikaresistens (sjå tekstboks s. 6).

Kryssingar av fleire GM-planter

Det blir stadig vanlegare å krysse både to og fleire genmodifiserte plantelinjer med kvarandre for å lage ei linje med såkalla stabla eller adderte eigenskapar. Ein kan òg setje inn ekstra gen i ein GM-plante som allereie er laga. Slik kan plantane tole fleire typar sprøytemiddel og motstå fleire sortar skadeinsekt. Mest brukt er mais eller

soya som toler både glyfosat og glufosinat, gjerne med gen for insektdrepende protein i tillegg. Nemnda har peika på at selskapa må dokumentere kva for verknader linjer med adderte eigenskapar har på helse og miljø, sjølv om dei har studert foreldrelinjene kvar for seg tidlegare. Det er òg eit spørsmål kor stabilt dei nye proteina blir uttrykte i planten når fleire linjer er kryssa.

Nye eigenskapar

Det viser seg at GM-vekstar som toler sprøytemiddel eller produserer insektgift i mange tilfelle ikkje har gitt større avlingar eller har ført til mindre bruk av sprøytemiddel. Industrien har lenge lova GM-planter med nye, meir «nyttige» eigenskapar, men få av desse plantane er komne i handelen. No har Monsanto for første gong søkt EU om å få marknadsføre ein mais dei hevdar skal tole tørke og ein soyaplante med meir av dei sunne omega-3-fettsyrene. Det blir interessant å sjå kva som skjer med haldningane til GMO dersom slike vekstar kjem på marknaden. Les meir om dette i neste GENiAlt.

Kjelder:

Høyringsvar frå Bioteknologinemnda 1993–2010 www.bion.no/uttalelser.shtml

Database med GMO-søknader i EU <http://www.gmo-compass.org/eng/gmo/db/>

Takk til Trine Johansen Meza for hjelp med å samle informasjon.

Hjerte- og karregistret og andre registre burde vært vurdert samlet

Stortinget har nå vedtatt å etablere et personidentifiserbart hjerte- og karregister. Dette skjer til tross for alvorlige advarsler fra flere om at en slik registerform svekker enkeltindividers mulighet til å skjerme sensitive helseopplysninger om seg selv.

Norunn K. Torheim og Grethe S. Foss

Bioteknologinemnda har ikke vært imot at det skal etableres et hjerte- og karregister, men har vært imot at det skal være personidentifiserbart uten reservasjonsrett og at flere nå kan få tilgang til taushetsbelagt helseinformasjon.

Unntak fra taushetsplikten

Det er foreslått å endre helsepersonelloven slik at Helse- og omsorgsdepartementet får myndighet til å bestemme at taushetsbelagte opplysninger kan, eller skal, gis til bruk ved kvalitetssikring, administrasjon, planlegging eller styring av helsetjenesten, og at dette kan skje uten hensyn til taushetsplikten. Dispensasjon fra taushetsplikt skal kun gis dersom formålet med utlevering av opplysningene antas å være til det

beste for pasienten, og når samfunnets interesse i at utlevering finner sted, klart overstiger ulempene det kan medføre for den enkelte pasient. Departementet vil kunne sette vilkår for utleveringen.

Innvendinger fra Bioteknologinemnda

Nemnda sendte brev til Stortingets helse- og omsorgskomiteé 5. februar der vi pekte på at:

- Stortinget ville binde opp en rekke pågående prosesser dersom de vedtok et personidentifiserbart nasjonalt register for hjerte- og karlidelser før innspillene til «Gode helseregistre – bedre helse» med høringsfrist 22. mars (se tekstboks s. 9) var kommet inn og sammenstilt. I denne høringen er det foreslått en rekke andre obligatoriske, personidentifiserbare helseregistre som skal inneholde opplysninger om blant annet infeksjonssykdommer, psykiske lidelser (inkludert rusmisbruk) og nevrologiske sykdommer samt ulykker, vold, traumer og intensivbehandling.

- Det er fullt mulig å utføre planlagte arbeidsoppgaver med et pseudonymt register der navn og personnummer er erstattet av en personentydig kode. Pseudonymisering av helseregistre i kombinasjon med reservasjonsrett bør innføres for å balansere hensynet til forskningen og hensynet til deltakerne slik som på Island (se artikkel s. 20). I høringsuttalelsen til «Gode helseregistre – bedre helse» går nemnda inn for at man skal ha uavhengig pseudonymforvalter. Dersom man har behov for å komme i kontakt

med dem som står i registret, må man gå via forvalteren.

- Økt bruk av helgenomanalyser innen forskning og klinikk vil gjøre det lettere å reidentifisere personer. Det er en alvorlig mangel at ikke kartlegging av deltakeres arvestoff er drøftet i proposisjonen for hjerte- og karregistret, nå som dette brukes for fullt i nasjonal og internasjonal forskning på årsaker til sykdommer. Det er allerede etablert internasjonale avtaler om helgenomanalyser og deling av helseinformasjon fra nordmenn som deltar i store norske befolkningsundersøkelser. Det forhandles om kommersialisering av arvestoffinformasjon fra forsøksdeltakere. Det pågår nå etiske diskusjoner i ledende internasjonale forskermiljøer om hvordan informasjonen skal håndteres for å ivareta personvernet til deltakerne og beholde befolkningens tillit.

- Investeringene som gjøres i disse registrene nå, må være robuste personvernmessig, juridisk og teknologisk. Personvernkommisjonen har i sin utredning (NOU 2009:1) anbefalt at det vedtas et moratorium mot etablering av nye helseregistre før dagens helseregistre er gjennomgått.

Nemndsmedlem og forsker Njål Høstmælingen ved Senter for menneskerettigheter ved Universitet i Oslo har påpekt overfor komiteen at regjeringens forslag kan innebære et brudd på menneskerettighetslovens bestemmelser om vern av privatlivet.

FAKTABOKS

Hjerte- og karregistret

Formålet det nye hjerte- og karregistret er at det skal bidra til god kvalitet i behandlingen av personer med hjerte- og karsykdommer, forskning på årsaker til sykdom, vurdere resultat av behandling, overvåking av nye tilfeller og forekomst i befolkningen og styring av helsetjenesten med sikte på å kunne foreta gode, kunnskapsbaserte prioriteringer innen helsepolitikk, drive forebyggende arbeid og forskning.

FAKTABOKS

Nemndas innspill til høringen «Gode helseregistre – bedre helse»

Bioteknologinemnda mener det er store mangler i forprosjektets rapport og støtter ikke opprettelsen av Nasjonalt helseregisterprosjekt for å iverksette forprosjektets handlingsplan. Nemnda mener i stedet at et bredt sammensatt offentlig utvalg bør få mandat til å utrede den videre utviklingen av helseregistre i form av en NOU.

Bioteknologinemnda har følgende alvorlige innvendinger til strategien:

- Det er ikke drøftet hvordan strategien for helseregistre passer inn med forslagene i Forskningsrådets rapport

«Gode biobanker – bedre helse» om en langsiktig nasjonal plattform for biobanker og helsedata til bruk i forskning og til mulig kommersialisering.

- Personvernet må ivaretas på en langt bedre måte, både ved bruk av teknologi og ved valg av organisering, for eksempel ved bruk av pseudonyme helseregistre og samtykke eller reservasjonsrett for de registrerte.
- Det må drøftes solide og transparente kontrollsystemer for helseregistre. Det bør også være en oversikt over hvem som til en hver tid har tilgang til opplysningene.
- Tiltak for å fremme personvern og kontrollsystemer er spesielt viktig siden helseregistrene skal brukes til så mange ulike formål.
- Vi må ha en gjennomgang av rolleblanding både i saksbehandling knyttet til helseregistre, til forvaltning og til bruk av dem.
- Nemnda stiller spørsmål ved den store tiltroen til taushetsplikten som alle aktører skal ha. Informasjon kan benyttes på så mange måter uten at man rører den direkte til en annen part på en måte som gjør at man kan avsløres og straffes for brudd på taushetsplikt.

Gentesting

Bioteknologinemnda har også spurt om registret skal inneholde genetiske opplysninger og om bioteknologilovens krav om samtykke for bruk av genetiske opplysninger i så fall kan ivaretas. Her har helse- og omsorgsministeren svart at hjerte- og karregistret kun vil inneholde opplysninger fra undersøkelser som er tatt for å stille en diagnose. Med den økende bruken av helgenomanalyser man ser nå, kan man stille spørsmål ved om ikke også disse undersøkelsene vil gi informasjon om risiko for utvikling av andre sykdommer. Departementet har her tatt til orde for å se på forhold mellom lov og praksis i den løpende evalueringen av bioteknologiloven for å sikre at personvernet på dette feltet ivaretas godt nok.

Stortingets behandling av saken

Helse- og omsorgskomiteen valgte å stille ministeren noen spørsmål etter nemndas innspill før den fortsatte behandlingen av saken i februar, men kom med innstilling i saken etter at komiteen hadde fått svar fra ministeren. Flertallet bestående av regjeringspartiene stemte da for departementets forslag. Regjeringspartiene støttet også regjeringens forslag da saken ble behandlet i Stortinget 22. mars, samme dag som høringsfristen for «Gode helseregistre – bedre helse» gikk ut. Mindretallet, bestående av opposisjonspartiene, ønsket et pseudonymisert register med reservasjonsrett.

Bioteknologinemndas høringsuttalelse og brev som er omtalt her kan lastes ned fra www.bion.no.



Bioteknologinemnda er ikke imot et hjerte- og karregister som kan føre til bedre behandling, men mener det svekker personvernet at registeret skal være personidentifiserbart uten reservasjonsrett. Foto: Scanpix.

Mogleg å betre prosessen for par som vil genteste befrukta egg

Bioteknologinemnda sende i mai i fjor brev til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) for å be det ta stilling til tiltak for å betre prosessen for par som på grunn av alvorleg, arveleg sjukdom ønskjer å genteste dei befrukta eggja når dei skal ha barn. Departementet sende saka over til Helsedirektoratet, som har vurdert forslaga. HOD har no bedt direktoratet sjå nærmare på fleire av forslaga.

Norunn K. Torheim

I forbindelse med utarbeidinga av informasjonsmaterieil om gentesting av befrukta egg (preimplantasjonsdiagnostikk – PGD, sjå s. 13), fekk sekretariatet i Bioteknologinemnda god innsikt i korleis prosessen for å søkje om og gjennomføre PGD fungerer i praksis. Ein såg då at det var behov for å forbetre prosessen på fleire område. Forbettringsforlaga frå Bioteknologinemnda er laga slik at dei skal kunne gjennomførast utan at ein må endre bioteknologilova.

Helsedirektoratet, som fekk i oppdrag av departementet å vurdere forlaga, skriv i sitt brev til HOD at det ser eit klart behov for tiltak som kan forbetre prosessen rundt PGD, og at Bioteknologinemnda har gitt eit viktig innspel til dette. Direktoratet anbefaler at problemstillingane blir følgde opp vidare. Det tek òg med seg innspela inn i arbeidet med evalueringa av bioteknologilova. Nokre av problemstillingane er relevante å løfte fram i forbindelse med undersøkingar i fagmiljøa, for eksempel spørsmål om rapportering og om eventuell etablering av eit tilbod i Noreg.

Betre rapportering

Rapportane til Preimplantasjonsdiagnostikknemnda (PGD-nemnda), som vurderer søknader om PGD, seier ikkje noko om resultatet av PGD-behandlinga, heller ikkje kor mange behandlingforsøk det enkelte paret har trengt for å få barn. Bio-

teknologinemnda har foreslått at Medisinsk fødselsregister sitt skjema for registrering av assistert befruktning skal innehalde informasjon om PGD. Data om PGD kan då registrerast dersom paret ikkje motset seg det, eventuelt kan paret gi spesifikt samtykke. Par som får utført PGD må samtykkje til at behandlingstaden rapporterer aidentifiserte opplysningar om utfallet av behandlinga til HOD eller ein annan instans. Rapporten bør innehalde opplysningar om for eksempel kor mange modne egg som vart henta ut, talet på befrukta egg som er blitt gentesta og sette inn i livmora, talet på påviste svangerskap og fødte barn, samt informasjon om avtale om oppfølging av barna.

Direktoratet anbefaler at det blir sett i verk tiltak for å betre rapporteringsrutinane ved PGD. Rapporteringsplikta må gå fram av avtale mellom norske myndigheiter og behandlingstaden i utlandet. Rapporteringa må skje i samsvar med det lovverket som regulerer behandlinga av helseoplysningar og teieplikta til helsepersonell.

Variasjon i tilbodet

Både tilbod og rutinar i forbindelse med PGD varierer mellom ulike behandlingstader i utlandet. Nokre verksemder har tilbod som ikkje er tillatne etter norsk lov, for eksempel undersøking av kor mange kromosom det befrukta egget har. Nokre verksemder informerer paret om berarsta-

tus (sjå tekstboks s. 12) dersom paret sjølv spør, medan andre ikkje gjer det. Bioteknologinemnda meiner norske myndigheiter bør ha kontraktar med behandlingstaden som sikrar at tilbodet er likt uavhengig av kva land tenesta blir gitt i, og at tenesta må vere i samsvar med norsk lov. Dersom det ikkje er mogleg å regulere tilbodet gjennom ein slik kontrakt, har nemnda bedt HOD vurdere om tilbodet berre bør gjerast ved éin behandlingstid i utlandet eller om tilbodet bør etablerast i Noreg.

Direktoratet meiner at så lenge behandling med PGD skjer i utlandet, bør behandlingstaden veljast på basis av kompetanse på den aktuelle tilstanden. Det må stillast krav til korleis behandlinga blir organisert og gjennomført, kva undersøkingar som skal utførast og krav om at pasientane skal få informasjon om berarstatus hos befrukta egg dersom dei ønskjer det. Direktoratet meiner det er relevant å vurdere om det skal etablerast eit tilbod i Noreg.

Regional variasjon i talet på PGD-søknader

Lik tilgang på helsetenester uavhengig av kjønn, alder og bustad er eit viktig prinsipp og ligg som basis i helselovene våre. I PGD-nemnda sin årsrapport for 2008 kom det fram at det er store geografiske variasjonar mellom helseregionane. PGD-nemnda skriv at forskjellen i talet på søk-



Par som søker om PGD er i kontakt med mange instansar undervegs. Korleis kan ein betre prosessen for para? Foto: iStockphoto.

nader kjem av ulikt folketal i regionane (i 2008 kom det seksten søknader frå Helse Sør-Øst, sju frå Helse Vest, éin frå Helse Nord og éin frå Helse Midt-Norge). Bioteknologinemnda stilte spørsmål ved denne forklaringa, blant anna fordi den ikkje tek omsyn til alders- og kjønnsfordelingar i regionane. Bioteknologinemnda bad derfor departementet vurdere om det er ein uønska variasjon mellom regionane, og i så tilfelle vurdere tiltak for å redusere denne.

Direktoratet meiner problemstillinga er relevant, men trur det er klokt å vente med nærmare undersøkingar av årsakene til regional variasjon til vi ser om dette blir påverka av informasjonstiltaka som blir sette i verk i desse dagar. Direktoratet viser her til PGD-heftet og PGD-brosjyren frå Bioteknologinemnda, sjå s. 13). (Til orientering kan vi nemne at variasjonen var mindre i 2009 med tolv søknader frå Helse Sør-Øst, fire frå Helse Nord, tre frå Helse Midt-Norge og to frå Helse Vest).

Overordna medisinsk ansvar?

Bioteknologinemnda ser behov for å presisere kven som har ansvar for personar som går gjennom PGD-prosessen. Bioteknologinemnda bad departementet vurdere korleis kvart par kan få ein medisinsk ansvarleg person som følgjer dei gjennom heile PGD-prosessen uavhengig av kvar tenesta blir gitt. Nemnda meiner det kanskje er mest naturleg at det overordna ansvaret

ligg hos medisinsk-genetiske avdelingar sidan dei etablerer eit forhold til par som søker om PGD. Det er her para har fått genetiske rettleiing der òg dei psykososiale aspekta har blitt tekne opp. Det er òg her par som ønskjer oppfølging med fosterdiagnostikk etter PGD vil ta kontakt for ny rettleiing og oppfølging.

Direktoratet meiner dette innspilet bør følgjast opp. Det meiner at para kan ha behov for oppfølging av tverrfagleg spesialistkompetanse, men at hovudansvaret gjerne kan leggjast til medisinsk-genetisk avdeling. Ansvarleg avdeling bør få ansvar for å innhente og rapportere data til norske myndigheiter, og bør ha kontakt med behandlingstaden i utlandet.

Sensitiv informasjon

Bioteknologinemnda bad departementet vurdere kva for instansar som treng all eller delar av informasjonen under PGD-prosessen. Ei mogleg forbetring kan vere at sekretariatet til PGD-nemnda får inn søknadene og sikrar tilstrekkeleg informasjon for å få saka godt belyst, og at saka deretter blir anonymisert før behandling i PGD-nemnda.

Direktoratet skriv at det ser at det kan vere behov for å sjå nærmare på kva for informasjon dei ulike aktørane i prosessen har bruk for og meiner at dette bør gjerast i samarbeid med fagmiljøa som er invol-

verte i prosessen. Ved offentliggjerung av vedtaka i PGD-nemnda må ein vere varsam med å publisere informasjon om diagnoser og andre forhold som kan identifisere para.

Konkrete oppdrag frå departementet til direktoratet

På bakgrunn av innspela frå Bioteknologinemnda og Helsedirektoratet, har Helse- og omsorgsdepartementet no bedt direktoratet vurdere om det er medisinsk forsvarleg å etablere tilbod i Noreg basert på det pasientgrunnlaget ein har i dag og informasjon frå dei største pasientforeiningane. Departementet meiner det er naturleg å diskutere fleire av dei andre tiltaka når ei slik vurdering er gjort. Nokre forslag, slik som å innlemme PGD i rapporteringa til Medisinsk fødselsregister, meiner departementet kan vurderast uavhengig av diskusjonen om å etablere tilbod i Noreg. Departementet er òg einig med nemnda i at ein må sjå nærmare på kva slags type informasjon ulike aktørar i PGD-prosessen har bruk for, og har derfor bedt direktoratet ta med seg ulike fagmiljø for diskutere å dette.

For å lese meir om vurderingane som ligg til grunn for direktoratet sine konklusjonar, kan du sjå www.bion.no/uttalelser.shtml under 7. mai 2009. Der finn du òg nemnda sitt brev til departementet og svarbrevet frå departementet til direktoratet.

FAKTABOKS

Kort om preimplantasjonsdiagnostikk – PGD

PGD er ei forkorting for det engelske uttrykket «Preimplantation Genetic Diagnosis».

Ved PGD blir eggceller som er tekne ut frå kvinna sine eggstokkar, befrukta med kvar si sædcelle i laboratoriet. Når eit befrukta egg har delt seg i 8–10 celler, blir 1–2 celler tekne forsiktig ut for gentesting. Eit befrukta egg som ikkje har arveanlegg for sjukdommen det blir testa for, blir sett inn i livmora til kvinna.

PGD kan vere aktuelt for par som:

- veit at det er ein arveleg sjukdom i familien og ønskjer å få eit barn utan arveanlegg for denne sjukdommen
- har fått barn med ein alvorleg, arveleg sjukdom
- har hatt fleire spontanabortar som skuldast kromosomavvik hos ein av dei

PGD kan etter norsk lov brukast til å genteste befrukta egg for å velje bort egg som har arveanlegg for ein alvorleg, arveleg sjukdom. Søknader om PGD skal sendast Preimplantasjonsdiagnostikknemnda (PGD-nemnda). Sjølve PGD-behandlinga blir utført i utlandet.

Berarstatus

For nokre sjukdommar må ein arvegenvarianten som gir sjukdom frå både mor og far for at ein skal bli sjuk. Dette blir kalla recessive sjukdommar.

Dersom ein arvar genvarianten som gir sjukdom frå berre ein av foreldra, utviklar ein ikkje sjukdommen, men ein er då berar, fordi ein likevel kan overføre sjukdommen til komande barn dersom ein får barn med ein annan som har, eller er berar, av sjukdommen.

Gentesting av befrukta egg dersom foreldra ikkje vil vite

Både Bioteknologinemnda og Helse- og omsorgsdepartementet meiner at ein må ha påvist alvorleg, arveleg sjukdom hos minst ein av foreldra for å kunne tilby gentesting av befrukta egg (PGD).

Norunn K. Torheim

Bioteknologinemnda bad i november 2009 Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) klargjere kva som er riktig forståing av bioteknologilova i situasjonar der par ønskjer gentesting av befrukta egg (preimplantasjonsdiagnostikk – PGD) utan at dei sjølv ønskjer å vite om dei kjem til å få sjukdommen (sjå omtale av nemnda sitt brev i GENzalt 4/2009). Bakgrunnen for brevet var at Preimplantasjonsdiagnostikknemnda (PGD-nemnda) har gitt løyve til PGD i eit slikt tilfelle.

I brevet i november trekte nemnda blant anna fram følgjande som punkt ein bør vurdere før ein vel å tilby PGD i slike tilfelle:

- kvinna må gå gjennom assistert befruktning med hormonkur, noko som kan vere ei fysisk belastning
- det blir laga overtalige befrukta egg utan grunn i halvparten av tilfella
- ressursbruk utan at det er nødvendig

- det er viktig for det komande barnet å vite om ein av foreldra vil bli sjuk
- med denne metoden kan ein ta omsyn til paret sitt ønske om ikkje å vite om sjukdomsanlegga

Bioteknologinemnda uttalte i 2006 at det ikkje bør bli gitt tilbod om PGD i slike situasjonar.

HOD har no svart på brevet. Departementet skriv at det er av den oppfatning at det etter gjeldande rett er eit vilkår for PGD at det er påvist at begge eller ein av partane er berarar av ein alvorleg, arveleg sjukdom, og at det såleis ikkje er tilstrekkeleg å konstatere at det er sannsynleg at ein eller begge er berarar av alvorleg, arveleg sjukdom.

Bioteknologinemnda sitt brev til departementet og svaret frå departementet kan lastast ned frå www.bion.no/uttalelser.shtml under 9. november 2009.

Ny medarbeider



Olve Moldestad er ny seniorrådgiver i sekretariatet til Bioteknologinemnda. Han er utdannet innen biologisk psykologi ved NTNU. Moldestad har jobbet ved Institutt for medisinske basalfag og Senter for molekylærbiologi og nevrovitenskap på Universitetet i Oslo. Der har han forsket på sentralnervesystemets utvikling og funksjon ved bruk av atferdstesting, molekylærbiologiske og elektrofysiologiske metoder. Spesielt har han undersøkt hvilken rolle en familie kaliumkanaler har i læring, angst og rytmisk hjerneaktivitet. Kaliumkanaler er proteiner som danner kanaler gjennom cellemembranen i nerveceller, og som selektivt slipper kaliumioner inn eller ut av cellen. De elektriske strømmene som genereres når kalium og andre ioner forflytter seg over cellemembranene danner grunnlaget for hjernens elektriske aktivitet og kognisjon. Olve Moldestad har også en bred bakgrunn i filosofi.

vesystemets utvikling og funksjon ved bruk av atferdstesting, molekylærbiologiske og elektrofysiologiske metoder. Spesielt har han undersøkt hvilken rolle en familie kaliumkanaler har i læring, angst og rytmisk hjerneaktivitet. Kaliumkanaler er proteiner som danner kanaler gjennom cellemembranen i nerveceller, og som selektivt slipper kaliumioner inn eller ut av cellen. De elektriske strømmene som genereres når kalium og andre ioner forflytter seg over cellemembranene danner grunnlaget for hjernens elektriske aktivitet og kognisjon. Olve Moldestad har også en bred bakgrunn i filosofi.

20 år med preimplantasjonsdiagnostikk

I april 2010 er det 20 år sidan det første gong vart rapportert om vellykka svangerskap etter bruk av PGD.

Norunn K. Torheim

I 1990 vart to britiske kvinner gravide med tvillingar etter å ha fått sett inn befrukta egg som var testa på DNA-nivå for å velje befrukta egg som ville gi opphav til jenter. Foreldra hadde nemleg arveanlegg for ein såkalla X-bunden sjukdom (adrenoleukodystrofi – ALD) som rammar berre gutar. Jenter har to X-kromosom og har då vanlegvis eitt X-kromosom utan arveanlegg for sjukdommen. Kvinnelege berarar kan likevel få symptom på sjukdommen, og dei kan overføre sjukdommen til sønene sine.

Sidan den gong har metoden utvikla seg vidare, og i dag brukar ein PGD til å undersøkje enkeltgen uavhengig av kjønn.

Ein har heile vegen diskutert dei etiske problemstillingane knytte til bruk av metoden og om det er auka risiko for misdanningar for barna som blir fødte etter PGD.

Nye studiar tyder på at PGD ikkje gir høgare risiko for medfødde misdanningar. Det er stilt spørsmål ved om metoden som blir brukt for å føre ei enkelt sædcelle inn i ei eggcelle (intracytoplasmatiske spermieinjeksjon – ICSI (mikroinjeksjon)), som òg blir brukt ved vanleg prøverørsbefruktning, gir noko høgare risiko for medfødde misdanningar. Men her treng ein meir forskning for å kunne seie noko sikkert. Ein trur at det kan vere årsaka til infertiliteten til dei som treng assistert befruktning med bruk av ICSI, og ikkje metoden i seg sjølv, som gir denne noko auka risikoen.

Professor Lord Robert Winston, ein av PGD-pionérane, sa, då han var i Noreg i januar, at han meiner ein må følgje barna i



PGD-pionéren professor Lord Robert Winston.

Foto: gettyimages.

fleire generasjonar fordi ein òg bør sjå på moglege effektar på genuttrykk (korleis gena blir aktiverte) hos barna og etterkomarane deira før ein kan konkludere.

Kjelder:

- Handyside, A. H., Kontogianni, E. H., Hardy, K., **Winston, R. M.** (1990). *Pregnancies from biopsied human preimplantation embryos sexed by Y-specific DNA amplification.* *Nature* 344(6268), 768–70.
- Simpson, J.L. (2010). *Children born after preimplantation genetic diagnosis show no increase in congenital anomalies.* *Hum. Reprod.* 25(1), 6–8.
- Professor Lord Robert Winston, Imperial College, Storbritannia, foredraget «Was Darwin right? The future for human beings» på seminar i regi av Universitet i Oslo, Polyteknisk Forening og Den Britiske Ambassade i Oslo 27. januar 2010.

Informasjonsmateriell om preimplantasjonsdiagnostikk

